

Notat:

Frå: Infrastruktur og veg

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Notatet inneheld utfyllande informasjon i høve til investeringsprogram for veg 2020- 2024

## Investeringsbudsjett 2021- 2024

I sak 40/2020 Økonomiplan 2021-2024 - Investerings- og driftsrammer gjorde fylkestinget vedtak om slike investeringsrammer til fylkesveginvesteringar:

Sektor / mill. kr	Sum 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Fylkesveg, inkl. tunl og rassk.	10 369 526	2 681 681	2 991 388	2 720 728	1 975 729

Grunnlaget for vedtaket var fordelinga på prosjekt som vart presentert for finansutvalet i sak 2/2020 – Arbeidsdokument 2/20 økonomiplan 2021-2024.

Under er det ein kort gjennomgang som syner endringar i investeringsrammene som følgje av framlegget til tertialrapport 2/20 samt andre tekniske endringar som påverkar samla investeringsramme til fylkesveg.

Samla for perioden 2021-2024 vert investeringsbudsjettet auka med 453,2 mill. kr knytt til følgjande:

Område	Mill. kr
Forskyving tunneloppgradering knytt til framlegget i tertialrapport 2/20	11,9
Flytting av investeringsløyving frå MOK knytt til Ranavik hurtigbåtkai	10,0
Kommunale tilskott til prosjekt	66,0
Svelgen - Indrehus - forskyving	1,9
Oppretting – feil bompengar	187,0
Skredsikring – overføring av mindreforbruk frå før 2020 frå staten	176,4
<b>Sum</b>	<b>453,2</b>

Oppretting av feil i bompengar skuldast at det var lagt inn for lågt beløp på bompengar og at låneramma var tilsvarende høgare. Dette er no oppretta ved at vedteken låneramme er vidareført, noko som gjev grunnlag for eit auka investeringsnivå. Auken er hovudsakleg lagt til tunnelrehabilitering i 2023 og 2024.

Det er vidare gjort endringar i løyvingane i investeringsbudsjettet det enkelte år grunna framdrift.

### Investeringsbudsjett 2021-2024

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024	Etter 2024
<b>Bompengepakkar</b>	<b>4 311 458</b>	<b>1 145 482</b>	<b>1 337 469</b>	<b>1 092 628</b>	<b>735 879</b>	
Byvekstavt. fylkesveg (MiljøloftetHP 2020-2023) eks BB	1 433 950	403 625	402 150	329 525	298 650	
Bømlopakken	16 500	16 500				
Askøypakken	900 000	225 000	240 000	220 000	215 000	
Nordhordlandspakken	844 808	218 957	245 919	218 203	161 729	
Førdepakken	956 200	271 400	399 400	274 900	10 500	
Framtidige bompengepakkar	160 000	10 000	50 000	50 000	50 000	
<b>Store investeringsprosjekt</b>	<b>811 200</b>	<b>93 400</b>	<b>341 000</b>	<b>361 800</b>	<b>15 000</b>	

Fv. 698 Blaksetunnelen	43 400	43 400				
Ferjeavløsning Ytre Steinsund bru	752 800	50 000	341 000	361 800		
Fv. 614 Svelgen - Indrehus	5 000	0	0	0	5 000	1 445 000
Ferjeavløsning - Atløysambandet	10 000	0	0	0	10 000	1 100 000
<b>Tunellrehabilitering</b>	<b>1 680 700</b>	<b>275 600</b>	<b>556 000</b>	<b>406 250</b>	<b>442 850</b>	
Tunneler - utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta	1 181 000	130 100	399 000	310 450	341 450	
Tunneler fv. 53 i Årdal	178 000		67 000	71 000	40 000	
Fv. 303 Seimdsdaltunnelen	260 300	145 500	90 000	24 800		
Følgefonnstunnelen	61 400				61 400	
<b>Mindre utbetringar</b>	<b>1 026 978</b>	<b>345 059</b>	<b>264 719</b>	<b>207 300</b>	<b>209 900</b>	
Fv. 564 Austevollbrua	20 978	10 659	10 319			
Fv. 161 Åsen - Helleskaret	118 000	41 000	62 200	14 800		
Fv. 7 Øystese - Ålvik - Granvin	113 000	20 000	23 000	30 000	40 000	
Fv. 611 Sæle - Engebø	123 000	0	60 000	63 000	0	
Fv. 57 Dale-Storehaug	61 900	61 900				
Bruer og kaier	268 400	96 500	76 500	23 200	72 200	
Mindre utbetringar	321 700	115 000	32 700	76 300	97 700	
<b>Gang- og sykkelveg</b>	<b>225 350</b>	<b>127 350</b>	<b>54 900</b>	<b>22 200</b>	<b>20 900</b>	
Gang og sykkel	158 750	76 850	40 100	20 900	20 900	
Fv. 548 Brandsøyvegen (refusjon)	3 900	1 300	1 300	1 300		
Fv. 614 Breivika - Svelgen	5 200	5 200				
Fv. 607 Heggebø – Leirvik	14 000	14 000				
Fv. 548 Brandsøy - Solheim	43 500	30 000	13 500			
<b>Trafikktryggingstiltak</b>	<b>146 000</b>	<b>42 500</b>	<b>34 500</b>	<b>34 500</b>	<b>34 500</b>	
Trafikktryggingstiltak	146 000	42 500	34 500	34 500	34 500	
<b>Kollektivtrafikktiltak</b>	<b>87 600</b>	<b>21 900</b>	<b>21 900</b>	<b>21 900</b>	<b>21 900</b>	
Kollektivtiltak	87 600	21 900	21 900	21 900	21 900	
<b>Miljø og servicetiltak</b>	<b>24 400</b>	<b>6 100</b>	<b>6 100</b>	<b>6 100</b>	<b>6 100</b>	
Miljø og service	24 400	6 100	6 100	6 100	6 100	
<b>Planlegging</b>	<b>90 800</b>	<b>24 800</b>	<b>22 000</b>	<b>22 000</b>	<b>22 000</b>	
Planprogram	90 800	24 800	22 000	22 000	22 000	
<b>Øvrig</b>	<b>264 550</b>	<b>74 600</b>	<b>71 100</b>	<b>63 100</b>	<b>55 750</b>	
Refusjonar	164 150	50 000	46 500	37 500	30 150	
Grunnerverv/avslutning av prosjekt	90 400	22 100	22 100	23 100	23 100	
Justerings mva. (refusjon)	6 000	1 500	1 500	1 500	1 500	
Utstyrskjøp INV	4 000	1 000	1 000	1 000	1 000	
<b>Skredsikring</b>	<b>2 154 140</b>	<b>357 740</b>	<b>501 900</b>	<b>695 500</b>	<b>599 000</b>	

Mindre rassikringstiltak	521 200	52 000	89 700	210 500	169 000	
Fv 500 Folgefonntn-Årsnes, byggtr	290 000	80 000	80 000	100 000	30 000	
Fv. 49 Tokagjelet	215 000		15 000	50 000	150 000	150 000
Fv. 722 Flovegen	250 300	133 100	82 200	35 000	0	
Fv. 53 Ljoteli	125 000	90 000	35 000	0	0	
Fv. 55 Bru over Esefjorden	750 000		200 000	300 000	250 000	
FV. 5631 Øyni bru	2 640	2 640				
<b>Sum investering</b>	<b>10 823 176</b>	<b>2 514 531</b>	<b>3 211 588</b>	<b>2 933 278</b>	<b>2 163 779</b>	

Finansiering	Sum 2021-2024	2021	2 022	2 023	2 024
Bompengar	2 050 987	554 578	686 841	521 561	288 007
Tilskott	170 750	80 750	69 000	21 000	
Fondsmidler	223 900	223 900			
Driftsmidler til investering (tunnel)	357 600	89 400	89 400	89 400	89 400
Lånemidler	4 083 131	652 666	1 295 331	1 268 750	866 384
Mva. kompensasjon	1 778 921	444 866	575 255	453 022	305 778
Driftsmidler til investering (skredsikring)	1 601 600	400 400	400 400	400 400	400 400
Overført mindreforbruk skredsikring	147 000			47 000	100 000
Mva. kompensasjon skredsikring	409 287	67 971	95 361	132 145	113 810
<b>Totalt</b>	<b>10 823 176</b>	<b>2 514 531</b>	<b>3 211 588</b>	<b>2 933 278</b>	<b>2 163 779</b>

Under gis det ein omtale av der det er gjort endringar i investeringsbudsjettet i høve til det som vart lagt fram for finansutvalet i mai i sak 2/20. Det gis også ein meir detaljert omtale av prioritering av prosjekta innanfor gruppeløyvingar.

### Bompengepakkar

Det er ikkje lagt opp til endringar knytt til dei pågåande bompengepakkanane i høve til det som vart presentert for finansutvalet i mai i sak 2/20.

### Store investeringsprosjekt

#### Fv. 606 Ytre Steinsund

Prosjektøyvinga er auka med 25 mill. kr i 2023 grunna at det var lagt inn feil beløp for totalkostnad i tabellen. Samla prosjektkostnad er 754 mill. kr.

### Tunellrehabilitering

#### Tunneloppgradering – sikkerhetsforskrift

Løyvinga er redusert med 170,1 mill. kr i 2021 m.a. knytt til at tunnelane på fv. 53 i Årdal er forseinka. Desse prosjekta vert også flytta ut av gruppeløyvinga og definert som eit eige prosjekt i budsjettet, jf. under. Løyvinga i 2022 er auka med 165,8 mill. kr.

Det vert sett av 130,1 mill. kr i 2021. Av dette er 72,5 mill. kr bunde opp i pågåande prosjekt:

- fv. 5236 Bjorøytunnelen: 32 mill. kr.
- fv. 49 Haukanestunnelen: 35 mill. kr.
- fv. 55 Vadheimstunnelen: 4,5 mill. kr.
- Risikoanalyser/tiltaksplanar: 1 mill. kr.

Det vert prioritert 57,6 mill. kr til oppstart av følgjande nye prosjekt i 2021:

- fv. 562 Olsviktunnelen prosjektering og utførelse: 9 mill. kr med totalkostnad på 18 mill. kr.
- fv. 562 Stongafjelltunnelen prosjektering og utførelse: 4 mill. kr med totalkostnad på 10 mill. kr.
- fv. 566 Tiråstunnelen prosjektering: 1 mill. kr med totalkostnad på 72 mill. kr.
- fv. 550 Eitheimtunnelen prosjektering: 1 mill. kr med totalkostnad på 59 mill. kr.
- fv. 540 Løvestakkentunnelen prosjektering: 1 mill. kr med totalkostnad på 154 mill. kr.
- fv. 57 Espelandstunnelen prosjektering og utførelse: 3,2 mill. kr med totalkostnad på 5,2 mill. kr.
- fv. 48 Kråkeskartunnelen prosjektering og utførelse: 5 mill. kr med totalkostnad på 13 mill. kr.
- fv. 569 Modaltunnelen prosjektering: 1 mill. kr med totalkostnad på 85 mill. kr.
- fv. 48 Moshovdatunnelen prosjektering og utførelse: 4,4 mill. kr med totalkostnad på 6,4 mill. kr.
- fv. 49 Fossenbrattetunnelen prosjektering: 1 mill. kr med totalkostnad på 26 mill. kr.
- fv. 53 Timreskredtunnelen prosjektering og utførelse: 1 mill. kr med totalkostnad på 48 mill. kr.
- fv. 614 Magnhildskartunnelen prosjektering: 1 mill. kr med totalkostnad på 207 mill. kr.
  
- fv. 615 Fløgatunnelen: 5 mill. kr med totalkostnad på 76 mill. kr.
- fv. 615 Eikenestunnelen: 5 mill. kr med totalkostnad på 34 mill. kr.
- fv. 617 Skåratunnelen: 4 mill. kr.
- fv. 614 Isetunnelen prosjektering: 1 mill. kr med totalkostnad på 38 mill. kr.
- fv. 50 Nesbøtunnelen: 5 mill. kr med totalkostnad på 128 mill. kr.
- fv. 50 Botnatunnelen: 5 mill. kr med totalkostnad på 42 mill. kr.

#### Tunnelar fv. 53 i Årdal

Prosjektet vert føreslått med løyving på 67 mill. kr i 2022, jf. omtalen over. Prosjektet omfattar utbetring av (Finnås-, Kolnos- og Steggjattunnelen). Samla løyvingssbehov til prosjektet i 2022-2024 er 178 mill. kr.

#### **Mindre utbetringar**

##### Fv. 161 Åsen - Helleskaret

Løyvinga til prosjektet er auka med 8 mill. kr i 2021 og 22,2 mill. kr i 2022. Auken skuldast at heile prosjektløyvinga inkl. mva. og byggherrekostnader no er inkludert og ikkje berre fylkeskommunen sin andel. Auken er finansiert med bidrag frå kommunen. Det er ikkje lagt opp til endring knytt til den fylkeskommunale løyvinga til prosjektet. Det vert teke atterhald om at prosjektet ikkje vert starta før det føreligg ein finansieringsavtale med Bjørnafjorden kommune.

##### Bruer og kaier

Det er sett av 96,5 mill. kr til bruer og kaier i 2021. Av dette er 77,5 mill. kr bunde i følgjande pågåande prosjekt:

- fv. 5266 Herdlesundet bru: 1,2 mill. kr.
- fv. 543 Fjelbergøy ferjekai: (7 mill. kr i 2022)
- Rekve bru – forsterkning: 5,5 mill. kr.
- fv. 5600 Krokevasselva bru: 9 mill. kr.
- fv. 5154 Strøno: 1,2 mill. kr.
- fv. 5150 Lepsøysundet: (7,5 mill. kr i 2022)
- fv. 583 Osøyro: 5 mill. kr.
- fv. 5714 Husevågøy ferjekai: 8,2 mill. kr.
- fv. 442 Hovland I Indre, Hovland: 37,4 mill. kr.

- Ranavik hurtigbåtkai: 10 mill. kr.

Det er lagt opp til å prioritere 19 mill. kr til følgjande nye prosjekt i 2021:

- fv. 615 14-0781 Hjortaset I og 14-0835 Solheim I: 1 mill. kr med total kostnad på 16 mill. kr.
- fv. 5733 bru 14-0050 Nes: 1 mill. kr
- fv. 5724 14-0798 Gytri og 14-0879 Briksdal I: 2 mill. kr med total kostnad på 20 mill. kr.
- fv. 5600 bru 14-1203 Fretheim: 2 mill. kr med total kostnad på 10 mill. kr.
- Ferjekai Varaldsøy: 2 mill. kr.
- Ferjekai i Ortnevik: 5 mill. kr.
- Ferjekai Frønningen: 6 mill. kr

#### Mindre utbetringar

Denne posten er slått saman av tidlegare løyvingar til forsterkning, strekningsvise utbetringar, spleiselag, øvrige mindre utbetringar og prosjektering framtidige tiltak. Der er lagt opp til ei samla løyving på 115 mill. kr. Av dette er 55 mill. kr bunde opp i pågåande prosjekt:

- fv. 5384 Istadmyrane, Voss, forsterkning: 10 mill. kr
- fv. 5476 Kvamsbrekko: 5,7 mill. kr
- Vikse skule: 5 mill. kr
- Forkøyrsvagsskilt: 4 mill. kr
- Tiltak etter omklassifiseringsvedtak: 5 mill. kr
- Diverse akutte strakstiltak: 5 mill. kr
- fv. 5240 Foldnesvegen-Bidrag til Fj: 6,8 mill.kr
- fv. 606 Møteplassar Solund: 8 mill. kr
- fv. 53 Holsbru, omlegging av veg: 2,5 mill. kr
- Prosjektering framtidige tiltak: 3 mill. kr

Det vert vidare lagt opp til å prioritere 60 mill. kr i 2021 til eigenandel knytt til søknad om midlar i ordninga med utbetring av vegar som er viktige for sjømatnæringa. Strekingar som kan vere aktuelle for søknad er følgjande:

- 546 på Austevoll, særleg strekinga til/frå Husavik ferjestø. -
- fv. 549/48/575/576/49 (tidl fv 49) Jektevik-Våge-Norheimsund/x fv 79 (tidl fv7)
- fv. 570 Andås x E39- Masfjordnes
- fv. 560 (tidl 555) Beinastaden x 561 Eide -Skogsvåg
- fv. 616 Kalvåg-Oldereide.

#### Gang- og sykkelveg

Den samla ramma til gang og sykkelveg er auka med 27,75 mill. kr i 2021 og 16,2 mill. kr i 2022.

Det vert sett av 76,85 mill. kr i 2021. Av denne løyvinga er 59,9 mill. kr bunde i følgjande pågåande prosjekt.

- fv. 552 Hegglandsdalsvegen: 18,76 mill.kr
- Skrivervegen - fortau del 1 gs: 1,3 mill. kr
- Skrivervegen del 2 gs – Borggata: 0,25 mill. kr
- fv. 49 Odland-Lidarende: 1,86 mill. kr
- fv. 5240 Arefjordvegen: 7,28 mill. kr
- fv. 5240 Sartorvegen: 3,9 mill. kr
- fv. 541 Sveio sentrum - fortau, Sveio: 1,5 mill. kr
- fv. 500 Herøysundet G/S veg: 25 mill. kr

Det vert prioritert å setje av følgjande løyvingar til nye prosjekt i 2021:

- fv. 60 Loen-Solvik: Det er sett av 12 mill. kr i 2021 og 24 mill. kr i 2022. Prosjektet har eit førebels anslag på total kostnad på 36 mill. kr. Det er føresett at Stryn kommune dekkjer

halvparten av samla prosjektkostnad. Løyvinga tek atterhald om at det blir inngått ei finansieringsavtale med kommunen.

- Hatvikvegen (teknisk forprosjekt): Det er sett av 5 mill. kr. Det er føresett at prosjektet vert finansiert av tilskott frå Bjørnafjorden kommune.

### **Trafikktryggingstiltak**

Den samla ramma til trafikktryggingstiltak er auka med 8 mill. kr til 42,5 mill. kr. Auken er knytt til kommunale tilskott. Det er lagt opp til følgjande prioritering av tiltak:

- Mindre tiltak etter kommunale Ts-planar: 1 mill. kr.
- Fortau/gang- og sykkelveg: 3,2 mill. kr.
- Fartsregulering og sikring kryssingspunkt: 10,5 mill. kr.
- Rekkverk og sideterreng: 8,65 mill. kr.
- Veglys: 5,4 mill. kr.
- Andre Ts-tiltak: 11,25 mill. kr.
- Tiltak etter Ts-inspeksjon – sideterreng: 2,5 mill. kr.

### **Kollektivtrafikktiltak**

Det er sett av 21,9 mill. kr til kollektivtrafikktiltak. Av dette er 12,3 mill. kr bunde opp i følgjande pågåande tiltak:

- fv. 542 Svortland sentrum: 1,2 mill. kr.
- fv. 567 Valestrandsfossen: 7 mill. kr.
- fv. 546 Selbjørn bru: 4,1 mill. kr.

Det er lagt opp til følgjande prioritering av nye tiltak:

- Kollektivknutepunkt Husnes: 2 mill. kr.
- fv. 55 Kvam Ytre, retn. Sogndal: 2,5 mill. kr.
- fv. 620 Otneim: 1,2 mill. kr.
- fv. 60 Olden: 1,2 mill. kr.
- fv. 546 Austevoll vidaregåande skule, snusløyfe: 0,4 mill. kr.
- fv. 567 Valestrand kai – snusløyfe: 0,1 mill. kr.
- fv. 5050 Helldalsstølen (avkj. Røssland) (Osterøy) : 0,1 mill. kr.
- fv. 5050 Haga retning sør (Stord) : 0,6 mill. kr.
- fv. 49 Folkedal aust (Voss): 1,5 mill. kr.

### **Miljø og servicetiltak**

Det vert sett av 6,1 mill. kr til følgjande tiltak i 2021:

- Oppfølging vassforskrifta
- Øvrige miljø- og servicetiltak
- Fonndøla (vassforskrifta)
- Kannesteinen, fv. 5715 Nordoppedalen
- Hoddevika, fv. 620

### **Planlegging**

Ramma til planlegging er auka med 3 mill. kr til 24,8 mill. kr. Auken er knytt til prosjektet fv. 55 Bru over Esefjorden. Det vert lagt opp til at fordeling av planmidlar på prosjekt vert lagt fram som eiga sak i hovudutval for samferdsel og mobilitet.

### **Skredsikring**

Det vert lagt opp til å nytte heile tildelinga til skredsikringsprosjekt over tid. Dei årlege løyvingane vert tilpassa framdrift i prosjekta. Situasjonen no gjer at vi såleis har ufordelte skredsikringsmidlar i økonomiplanramme som må fordelast på prosjekt i samband med det årlege budsjettarbeidet.

Den samla ramma til skredsikring i økonomiplanperioden er auka med 176,4 mill. kr. Dette er knytt til overført mindreforbruk frå perioden før 2020. Dette er midlar som er rekvidert frå Statens vegvesen i 2020. Desse midlane vert sett i samanheng med meirbehov knytt til prosjektet fv. 55 Bru over Esefjorden, jf. omtale under.

#### Fv. 55 Bru over Esefjorden

Prosjektet vert forskyvd til 2022. Førebels framdriftsplan syner at det ikkje er realistisk med vedtak av reguleringsplan før årsskifte 2021/22. Førebelse vurderingar gjer også at prosjektløyvinga vert auka frå 472 mill. kr til 750 mill. kr. Auken skuldast at prosjektkostnaden ikkje inkluderte mva. og var basert på anslag frå kommunedelplan. Prosjektkostnaden som no vert lagt til grunn er førebels og basert på nye vurderingar før reguleringsplan og gjennomføring av anslag.

#### Mindre rassikringstiltak

Løyvinga til mindre rassikringstiltak 2021 vert redusert frå 81,6 mill. kr til 51,5 mill. kr. Av dette er 5 mill. kr bunde opp i pågåande prosjekt (fv. 5096 Felevikja I-II). Det vert vidare sett av 20 mill. kr til diverse uføresette tiltak og mindre tiltak. Det er vidare prioritert følgjande nye prosjekt:

- fv. 5600 Eiterneset: 5 mill. kr
- fv. 5600 Eiterneset II: 5 mill. kr med ei samla ramme på 15 mill. kr
- fv. 5600 Før Valsvikhammaren: 5 mill. kr med ei samla ramme på 15 mill. kr
- fv. 5724 Olden – Briksdalen: 3 mill. kr med ei samla ramme på 18 mill. kr.
- fv. 5400 Mur + portal Lilandstunnelen: 6 mill. kr
- fv. 5400 Bulken -Nadlane Sikring steinblokk: 2,5 mill. kr

#### Ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer

I behandlinga av Prop. 105 S (2019-2020) gjorde Stortinget følgjande vedtak, jf. Innst. 383 S (2019-2020):

*«Stortinget ber regjeringa oppdatere retningslinjene for ferjeavløsningsordninga slik at fergesamband som består av flere strekningar der det bare er aktuelt å avløse deler av sambandet, beregnes som om heile fergesambandet avløses, så lenge heile sambandet legges ned.»*

*«Stortinget ber regjeringa om at det legges fram en egen tilskuddsordning i forbindelse med ferjeavløsningsordninga som kan avhjelpe rentekostnadene de første årene etter at et ferjeavløsningsprosjekt er ferdigstilt, og komme tilbake med endringsforslagene i forslaget til statsbudsjett for 2021.»*

Fylkesrådmannen legg til grunn av regjeringa kjem tilbake med oppfølginga av Stortinget sine vedtak i samband med statsbudsjettet for 2021 i oktober.

Når det gjeld utviding av ordninga omtalt i første punkt vil dette ha konsekvensar for Bjelkarøysambandet og for Fjellbergsambandet som ut frå gjeldande retningslinjer får låge beløp i ferjeavløysingsmidlar.

Ei ev. tilskotsordning i samband med ferjeavløysingsordninga, jf. andre punkt i Stortinget sitt vedtak vil verke positivt for finansieringsutfordringa for alle ferjeavløysingsprosjekt i Vestland.

Årlege ferjeavløysingsmidlar (finansieringa) er eit fast beløp i heile ferjeavløysingsperioden, medan fylkeskommunen sin kostnad vil vere renter og avdrag på prosjektlånet. Desse kostnadane vil slik sett vere store i starten og gradvis avtakande etter kvart som lån vert nedbetalt. Ei eiga tilskotsordning vil såleis bidra til å redusere finansieringsutfordringa dei første åra. Kor stort dette bidraget vil bli er avhengig av utforminga av tilskotsordninga.

Fylkesrådmannen legg opp til at ferjeavløysingsordninga vert sett opp som tema i regional transportplan. Her må prioritering av ferjeavløysingsprosjekta bli vurdert opp mot andre prioriterte oppgåver innan samferdsle.

### Oppfølging og status einsskille prosjekt

Det vert synt til sak 5/2020 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 – arbeidsdokument 3 og oppfølging av prosessvedtak knytt til følgjande prosjekt:

Fv. 614 Svelgen – Indrehus:

Gjeldande kostnadsoverslag for prosjektet var 1,65 mrd. 2020-kr med ei uvisse på 10%. Etter vedtak i fylkestinget 10. juni 2020 (sak 65/20) vart vegarmen gjennom Kruna forkasta. Nytt kostnadsoverslag vert då sett til 1,45 mrd. 2020-kr med ei uvisse på 10 %.

Det vert lagt til grunn at det kan vere moglege å gjennomføre prosjektet etter følgjande framdriftsplan:

Tidsrom	Prosess
Juli-november 2020	Ferdigstille teikningar, modellar, plankart, føresegner og planomtale, samt gjennomføre kulturminnekartlegging.
Desember 2020	Utlekking og høyring av planforslag
	Høyringsperiode 6 veker, gjennomgang av merknader m.m.
Mars 2021	Oversending av endeleg planforslag for slutthandsaming i kommunen
Mai 2021	Planvedtak i kommunen.
2021- 2022	Prosjektering
2022	Ferdig konkurransegrunnlag med byggherrekalkyle. Endeleg vedtak i fylkestinget. Utsending av anbod haust 2022
2023	Oppstart bygging
2026	Ferdigstilling av prosjekt

Behov for løyving i mill. 2020-kr for å halde slik framdrift er vurdert slik:

2021	2022	2023	2024	2025	2026
5	50	400	400	400	190

Dersom det samla låneopptaket knytt til investeringsbudsjettet for fylkesveg ikkje skal aukast i perioden som følgje av framskunding av prosjektet føresett dette at det vert gjort tilsvarende kutt i andre prosjektløyvingar. Dette vil vere svært utfordrande og få til innanfor gjeldande investeringsrammer. Løyvingane til dei større pottane som tunnelrehabilitering, bruer og kaier og mindre utbetringar er med gjeldande løyvingar svært knappe i forhold til behovet.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok i sak 56/18 at brukarfinansiering vil ikkje vere aktuelt for prosjektet Svelgen – Indrehus. Strekninga har eit for lågt trafikkgrunnlag til at bompengefinansiering vil vere aktuelt.

Fylkesrådmannen ser ikkje at prosjektet Svelgen – Indrehus kan framskundast utan at ein skyv prosjektet Ytre Steinsund utover i tid.

### Ferjeavløysing Atløysambandet

Det vert synt til omtalen om ferjeavløysingsordning over. Fylkesrådmannen legg til grunn at ferjeavløysingsprosjekta må vurderast samla i samband med regional transportplan ut frå oppdatere retningslinjer for ferjeavløysingsordninga.

### Andre saker



Fylkesdirektør for infrastruktur og veg er i dialog med Austevoll kommune om ein «pakke» med tiltak på fylkesvegnettet i kommunen. Ulike finansieringskjelder for å finansiere vegtiltak blir vurdert i arbeidet.